

# **Rutiner ved mistanke/avdekking av narkotikabruk blant unge Nordhordland lensmannsdistrikt**

## **...Forslag...**

I 2013 viser tala at me avgjorde 3 narkotikasaker mot ungdom under 18 år. Samstundes fekk me resultata av ungdomsundersøkinga som også indikerte at ruseksperimentering blant unge var eit relativt lite problem her i distriktet.

Våren 2014 sette politiet i Nordhordland i gang med ei utvida etterforsking i samband med det som i utgangspunktet var enkle narkotikalovbrot. Resultatet av denne etterforskinga var urovekkjande og hittil i år set me med eit tal på 30 personar under 18 år her i distriktet som er registrerte med narkotikalovbrot. Det dreier seg både om bruk og sal av narkotika og fleire av desse er også under femten år. De impliserte er busett i alle kommunane i Nordhordland.

Dette er ikkje eit problem som plutselig har blomstra opp i år og fleire av ungdommene har ein gjerne hørt nok om, eller andre instansar i det offentlege hjelpeapparatet har hatt kjennskap til dei frå før. Når ein ser på liknande aksjoner andre stader i fylket også tyder det på at det er ei viss underrapportering i ungdomsundersøkinga.

Politiets ønskjer ikkje å ha ei rein strafferettlig, reaktiv haldning til dette problemet. Me har ei plikt til og tenkja førebyggjande og visjonen må vera å få flest mogleg i riktig retning *før* problema vert så omfattande at straffesaksporet er den einaste vegen å gå. For å få dette til er me avhengige av eit godt samarbeid med både foreldre, skular og dei andre offentlege institusjonane som på lik linje med oss har eit ansvar på dette området (Jfr regjeringas rundskriv Q 16/2013)

Politiets ynskjer at alle ungdommene i vår distrikt skal få eit like godt tilbod og me har derfor laga eit forslag til korleis me kan tenkja oss at me skal gjera det når me møter på desse utfordringane hjå ein av våre ungdommar.

Me har sett på prosjekt som har vore gjennomførte andre stader i landet, som har fungert på ein slik måte at dei har blitt grunnlaget for varige ordningar både der det vart prøvd og som mal for gjennomføringa av tverretatlige individførebyggjande samarbeid andre stader, og henta idear og forslag derifrå.

Som alle kan sjå er det mykje her som det ikkje er politiet som vil vera den naturlege ansvarlige for å gjennomføra, me har likevel laga forslaget og så må me ta opp til diskusjon med alle impliserte om dei har innspel og/eller andre forslag til korleis ein kan tenka seg at det kan gjennomførast. Målet må vera å få sett i verk retningslinjer som er mogleg for alle å gjennomføra slik at ikkje det vert tilfeldig og personavhengig kor god hjelp den enkelte ungdom vil få i det offentlige hjelpeapparatet.

## Forslag til rutine ved mistanke om rus i skulen

1. den tilsette som observerer/får melding om at ein elev ruser seg varslar med ein gong elevens kontaktlærar, ev. leiinga direkte
2. Kontaktlærar observerer og melder skriftleg vidare til rektor
3. Rådgjevar/leiinga tek eleven inn til samtale, gjerne saman med kontaktlærar
4. Rådgjevar/leiinga kontaktar heimen og uttrykkjer bekymring. Dersom eleven er tydelig rusa skal han/ho visast vekk for resten av dagen. Rektor førehandsvarsler foreldra om mulig utvisningsvedtak på 1 – 3 dagar. Rektor rår foreldra om å ta kontakt med politiet (ved.....her må vi ha eit konkret namn fks Grethe sidan ho er på dag, så kan ho beordre videre)
5. Rektor tek kontakt med politikontakten og gjev informasjon
6. Politiet kallar eleven inn til bekymringssamtale saman med foreldra, mulig urinprøve og eventuelt avtale vidare tiltak. (snarast, seinast innan fire dagar)  
Helsesøster: hjelper med urinprøve
7. **Møte med skulen**

**Deltakarar:** eleven, foreldre, kontaktlærar, leiing eller rådgjevar

**Tema:** mellom anna trivnad og fagleg meistring. Vurdering av vidare tiltak;

*Kjernegruppe,( i samarbeid med politiet)*

Kontaktperson. Til dømes kontaktlærar, lærar, assistent eller rådgjevar. Skal

fungere som ein samtalepartner/trygg person å ta kontakt med i ein periode.

Vurdere ressursar og eventuelt samarbeid med PPT, lækjar, psykolog, barnevern eller andre.

*Kontaktlærars ansvar:* følgja saka, møter i ulike samanhengar, melde til foreldra snarast ved fråvær. Melde til leiinga ved ny rusmistanke, eller eleven trekker mot andre elever ein veit ruser seg.

Hugs å møte elev og foreldre med respekt. Ein skal vera venleg, men setja grenser. Ta opp saker rundt rus i fora som ikkje fører til unødvendig stigma og sladder om elevane.

## Kjernegrupper

Politiets ynskjer å få i gong eit arbeid med å etablere kjernegrupper i vårt distrikt. Kjernegruppene er eit førebyggjande tiltak med låg terskel for deltaking. Målgruppa er ungdommar på ungdomsskuletrinnet og vidaregåande med foreldre, og tiltenkt dei som ein er urolege for i forhold til, til dømes rus, hærverk, naskeri, vold og anna åtferd som kan tyde på at dei har bruk for hjelp frå fleire etatar.

### *Mål/intensjon med å opprette kjernegrupper*

- Få ungdom tilbake til skule og/eller arbeid samt slutte med uønska åtferd
- Koma inn på eit tidlegare tidspunkt for å stoppa uheldig åtferdsutvikling, unngå marginalisering og unge som fell utanfor systemet
- Nyte seg av og styrke foreldra sin kompetanse som ressurs og støtte for ungdomen
- Få eit felles system som kan ivareta eit godt tverretatlig samarbeid, få auka lokalkunnskap (spesielt viktig for politiet no når det er mindre bemanning på utekontora) og lågare terskel for intervensjon, som då i enkelte saker kan krevja mindre og enklare grep enn om hjelpa vert sett inn seinare

Me ser for oss at me kan ha kjernegrupper knytt til kvar skule i vårt distrikt (dvs 10 ungdomsskular og to vidaregåande)

Me ynskjer at det skal vera faste representantar i gruppene frå til dømes politi, barnevern, helseesøster, skulen. Eventuelt kallar ein inn andre aktuelle aktørar, som Salto, ungdomskontakt, miljøarbeidarar og liknande, avhengig av den som skal følgjast opp sine behov.

### *Teieplikt*

Før arbeidet i ei kjernegruppe tek til må ungdomen og eventuelt foreldra skrive under på eit samtykkeskjema for fritak frå teieplikta. Både foreldra og ungdomen skriv under på det same skjema dersom dei ikkje ynskjer å delta i kjernegruppa. På den måten kan kommunen dokumentera at dei har fått eit brent tilbod om oppfølging, men har takka nei

Me ynskjer at kjernegruppa skal samlast kort tid etter at ein ungdom har samtykkja til tilbodet. Samarbeidet mellom dei ulike aktørane skal vera handlingsretta og forpliktande og kvart møte skal ende opp med heilt konkrete tiltak. Ansvaret for gjennomføring av tiltaka skal fordelast mellom ungdomen sjølv, foreldra og representantane frå dei ulike instansane som deltek. Ein skal tenka på heile situasjonen rundt ungdomen i forhold til tiltaka.

På oppfølgingsmøta går ein gjennom tiltak som tidlegare vart bestemt og evaluerer desse og gjennom fører eventuelt endring ved behov

Referata frå møta skal konkludere med tiltak, evaluering av tiltak og ansvarsfordeling. Ved å gripe inn så tidleg vil ansvaret for mange av dei tiltaka ein set i gang ligge hjå ungdomen sjølv og foreldra

Kjernegrupper skal ikkje vera ein erstatning for til dømes ansvarsgrupper eller ressursteam.

## **Urinprøveordning**

Samarbeid mellom politiet, barnevernet, helsestasjon for ungdom, helsesøstrene og lege

### *Mål*

Førebyggja at ungdom tek til med å ruse seg på narkotika og får eit rusproblem

Få stadfesta eller avkrefta om ein ungdom ruser seg og gje ungdomen ein god grunn til å takke nei til narkotika

Dette skal vera eit tilegg til samtalar hjå politi/helsesøster

Samtaler vil for nokon vera nok til å slutte med rus, men nokon treng ekstra rammer for å vera i stand til å sei nei.

Rusproblem hjå unge gjev store personlege og samfunnsmessige kostnader. Dersom me klarer å hindre at berre nokre få ikkje tek til eller vel å slutte med rus vil dei økonomiske kostnadane ved eit slikt prosjekt vera tent inn.

Ordninga kan delast inn i to spor

#### 1. førebyggjande spor:

Som ein del av oppfølgjinga etter bekymringssamtaler hjå politi, uavhengig av straffesak, i håp om at me på den måten kan stoppe ei uheldig utvikling. Målgruppa for denne ordninga vil vera ungdom i alderen 13 til 18 år, med opning for unntak begge vegar dersom ein ser gode argument for da.

Dette vil då ofte vera ei forlenging av skulen handlingsplan for rus og vil verta ein del av dei konkrete tiltaka ein set inn mot kandidaten. Politiet fyller ut kontrakten saman med ungdomen og foreldra. Dersom ein ser at det trengs tiltak utover rusoppfølgjijng bør ein også gje tilbod om kjernegruppe og lage ein individuell plan.

#### 2. Straffesaksspor:

Her vil urinprøveordning vera ein føresetnad for ei reaksjon med prøvetid frå politiet si side. Der ungdomen i staden for ei bot (som kjem på rullebladet) går med på oppfølgjing i form av urinprøveordninga og/eller hasjavvenningsprogram som vilkår i reaksjonen.

I kontrakten skal det vera tydelig kva type stoff me ynskjer å teste for, kven som skal få kjennskap til resultata, kor ofte prøvene skal takast, kor lenge kontrakten gjeld og kva som skjer ved eventuell positiv prøve. Mobilnummer til ungdomen og foreldra bør også stå i kontrakten. Kopi av kontrakten vert sendt til helsestasjon for ungdom (/ ev. direkte til helsesøster som har ansvaret for den skulen) som tek det vidare til helsesyster ved den skulen som skal gjennomføre tiltaket.

### *Retningslinjer for prøvetaking*

Helsesyster gjer avtale om korleis prøvene skal gjennomførast. Når ungdommen er under 16 år er det alltid foreldra som skal ha melding om resultatet først. For ungdom over 16 kan ein bli samde med ungdomen om korleis resultatet skal meldast. Da skal stå i kontrakten kven som skal ha tilgang til resultatet. Kor ofte prøve skal takast vert bestemt av politiet og helsesyster kan også ta stikkprøver utanom.

Helsesyster skal vere til stades under prøvetakinga. Det er tilrådd at ungdomen tek av seg jakka, bretter opp på armane og tek underbuksa ned til kne (gutar)

Prøvetakar må vera merksam på at ein kan prøva å manipulere resultatet ved å til dømes bruka andre sin urin, smøra krem og såpe på hender eller prøveglas eller drikke større mengder sitron/appelsinjuice eller ev. Zalo

Det skal brukast standard urinprøveglas utan tilsetjing. Tilrådd mengde er 10 ml urin

Prøveglaset skal vera merkt med namn, fødselsnummer og tid for prøvetaking. Ein bruker rekvisisjon frå Haukeland sjukehus.

På rekvisisjonen skal det koma fram at prøva skal dekkast av trygdekontoret og det skal førast på kva type stoff ein vil teste for.

Rekvisisjon og prøveglas skal leverast på..... legesenter for vidaresending til sjukehus

Svaradresse på rekvisisjonen skal vera: *helsestasjon for ungdom*.....

Helsesyster mottek prøveresultatet og informerer dei som skal ha innsyn. Ein dokumenterer i journal på helsestasjonen når det er gjort.

Tilbakemelding ved negativ prøve: Gjev ein munnleg til foreldre, ungdomen og politiet

Ved positiv prøve: foreldre og politi får kopi av svarbrevet. Kopi av resultatet vert sendt til

*Nordhordland lensmannsdistrikt*

*V/*

*Postboks 33, 5902 ISDALSTØ*

## **Hasjavvenningsprogram (HAP)**

For kven og via kven?

Den som røykjer cannabis og ynskjer å slutte. Alle kan tilrå, dvs politi, skule, helsesyster m.fl. barnevern. Politiet ynskjer å bruke deltaking i hasjavvenningsprogram som ein del av vilkåra i ei vilkårsbunden straffereaksjon med prøvetid.

Hasjavvenningsprogram er i korte trekk eit tilbod som ved hjelp av samtaler har som mål å motivere ungdom til å slutte med hasj ved auke kunnskapen rundt rusmidlet og gjere ein meir medviten på eigne val. Programmet baserer seg på metoden til den svenske psykologen Thomas Lundquist. Det er med lokale tilpassingar brukt i fleire kommunar i Noreg i dag. (Sjå vedlegg med utskrifter for meir informasjon og nettsider)

Som vilkår i ei straffesak har politiet tenkt at det er tenleg med minimum fire samtaler, der den siste er saman med foreldra. I første omgang tenker me på eit individuelt system med HAP og ikkje på gruppeoppfølging.

### **Ansvarleg for gjennomføring**

Politiet er kjent med at Ingrid Bekkenes som er tilsett ved Salto i Knarvik senter har kurs på HAP Frå politiet si side hadde det vore vonleg å få til eit samarbeid med dei i forhold til HAP (og vidareføring av ein litt modifisert versjon av naskeriprosjektet)

Ressurs: Salto er eit senterprosjekt der dei få stillingane som er der allereie er bunden til dei arbeidsoppgåvene dei alt har. Når ein ser på tala hittil i år kan me rekna med at det vil dreie seg om omlag 80 – 100 kandidater som vil vera aktuelle for individuell oppfølgjing på Salto. Erfaring viser at det vil vera ei viss overlapping mellom ungdom som ruser seg og dei som vert tekne for naskeri. Me meiner at det vil vera naudsynt med ei tilføring av ressursar til Salto på om lag ein 80 prosents stilling.

Me voner at alle kan sjå at Salto her vil fungere som ein ressurs for heile regionen.

Alternativ kan vera å knytte det til helsestasjonen for unge, som då også må tilførast ressurser, eller å opprette ein felles slt-koordinator i kommunane.

Røynsler viser at ungdom som får rusproblem også kan ha andre åtferdsproblem og det vil derfor ofte vera ei overlapping i forhold til kandidatar for naskeri og rus.

## **Naskeriprosjekt ved Knarvik senter/salto vegen vidare?**

Naskeriprosjektet har vore eit tilbod for ungdom i Knarvik senter. Politiet ser det som vonleg at det er ei ordning som kan drivast vidare. Men ein ser det også naudsynt å gjera nokre endringar. For at ein skal ha oversikt over tendensar og utvikling av typisk ungdomskriminalitet, og høve til å setje inn tiltak mot dei som treng det er det naudsynt å ha tal og oversikt over alle. Det må difor ligge ei politisak som grunnlag, også på dei naskerisakene som skal handsamast vidare på Salto.

Politiet er av den oppfatninga at det i dei fleste tilfeller vil vera dei same ungdomane som stel i Knarvik senter som i resten av Nordhordland. Men hovudtyngda vil alltid ligge i Knarvik senter på grunn av butikkutvalet der. Difor meiner vi at det vil vera tenleg at alle mindreårige som vert tekne for butikknaskeri kan få same tilbod om samtaler på Salto.

Når ein legg inn rutine på å få fritak frå teieplikta opp mot samarbeidande etatar i saka vert det også lettare og få innhenta relevant informasjon slik at ein kan fange opp dei som treng ekstra tiltak på eit så tidleg tidspunkt som råd.

## Samtykke til fritak frå teieplikt

Eg gjev med dette mitt samtykkje til at representantar i kjernegruppa, kan drøfte relevante opplysningar om:

(Det kan berre gjevast samtykkje til utveksling av opplysningar om eigen situasjon eller knytt til barn som du er føresett for)

Namn:	
Adresse:	
Telefon:	
Fødselsdato:	

### Opplysningar kan drøftast med følgjande instansar:

Namn:	Instans:	Telefon nr.:
	Skule	
	Politi	
	Barnevernstenesta	
	Helseyster	
	Ungdomskontakt	
	Repr. frå Salto	

Einkvar som utfører teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan har teieplikt etter forvaltningslova §§ 13 til 13 e. (Følgjande særlover skildrar også kravet til teieplikt; kommunehelsetenestelova § 6-6, barnehagelova § 20, opplæringslova § 15-1, barnevernlova § 6-7 tredje ledd, sosialtenestelova § 8-8).

Samtykket i denne erklæringa inneber at teieplikta vert opphevd. Teieplikta vil då ikkje vera til hinder for at teiepliktig informasjon kan gjerast kjend for personar tilsett i instansane som er nemnt, i den grad min kontaktperson meiner dette tener mine eller mitt barns interesser. Jf. forvaltningslovas § 13a.

Eventuelle merknader/reservasjoner:

Samtykket gjeld frå og med dato: \_\_\_\_\_ til og med dato: \_\_\_\_\_

Dette samtykket er gjeve frivillig, etter grundig vurdering og eg har fått informasjon om kva samtykket inneber. Samtykket tek slutt automatisk når den gjevne tidsperioden er slutt. Før dette kan eg når som helst trekkje samtykket tilbake, men dette må gjerast skriftleg.

Dato: \_\_\_\_\_ Signatur: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

(For meir informasjon sjå baksida)

## **Samtykke**

(Lovgrunnlag: Personopplysningslovas §§ 8, 9 og 11 og forvaltningslovas § 13 om teieplikt og § 13a om samtykke)

**Samtykke er et grunnprinsipp i loven. Verksemder som ynskjer å bruke personopplysningar må som hovudregel innhente samtykke før dei startar behandling.**

## **KRAV TIL SAMTYKKET**

Personopplysningsloven stiller krav til samtykket. Et samtykke skal være ei frivillig, uttrykkelig og informert erklæring frå den opplysingane gjelder, om at hun eller han godtek behandling av opplysningar om seg sjølv.

### **Informert samtykke**

Samtykket skal være informert. Den som skal registrerast må få tilstrekkeleg informasjon til å forstå kva samtykka gjeld og kva for konsekvensar det kan få. Informasjonen til den registrerte skal minst omfatte:

- namn og adresse på den behandlingsansvarlige
- kva opplysingane skal brukast til
- om opplysingane vil bli utevert til andre, og eventuelt kven
- om det er frivillig å gje frå seg opplysingane
- informasjon som gjør den registrerte i stand til å bruke retten sin etter personopplysningsloven på best mulig måte, som f.eks. om retten til å krevje innsyn, retting og sletting
- kor lenge personopplysingane vil bli brukt eller oppbevart

### **Frivillig samtykke**

Et frivillig samtykke er eit samtykke som ikkje er gjeven under tvang, verken frå den behandlingsansvarlige eller frå andre.

Det er ikkje alltid lett å sjå om samtykket er frivillig. Døme på dette kan være når ei verksemd stiller et samtykke som vilkår for å tilby ei eller anna teneste eller for å tilsetje ein person. Vil ein ha jobben eller tenesta, må ein samtykke. Spørsmålet om samtykket er frivillig eller ikkje må vurderast konkret i det enkelte tilfelle: Kva vert da spurt etter? Kor belastande vil eit samtykke vera? Er konsekvensane uforholdsmessige om ein ikkje samtykkjer?

### **Uttrykksjøle samtykke**

Samtykket skal være uttrykksjøle. Når verksemda ynskjer å behandle informasjon om ein person, må personen gjere noko aktivt for å samtykke, som å sende inn ein svarslipp eller liknande.

## **KORLEIS SKAL SAMTYKKET GJEVAST**

Den som skal registrerast kan samtykke munnleg eller skriftlig, elektronisk eller på papir. Det må gå klart og utvitydig fram:

- At den registrerte samtykker
- Kva type informasjon samtykket dekkjer
- Kven behandlingsansvarlige samtykket gjeld

Den behandlingsansvarlige skal kunne vise at samtykket er gitt. Dette er lettare dersom samtykket er gjeve skriftleg.

## **KAN UMYNDIGE SAMTYKKE?**

Som hovudregel kan bare myndige personar samtykke. Verje må samtykke for mindreårige og umyndiggjorte. Samtykke frå mindreårige må likevel kunne oppfylle samtykkekravet i loven. Dette gjeld dersom det ikkje dreier seg om sensitive personopplysningar, og ein kan forvente mental kapasitet til å forstå kva eit samtykke inneber. Annen lovgevnad kan bestemme andre aldersgrenser.

(Kilde: Datatilsynet: [http://www.datatilsynet.no/templates/article\\_\\_\\_\\_1119.aspx](http://www.datatilsynet.no/templates/article____1119.aspx))

(For meir informasjon: Veileder: Taushtesplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn – ungdom – familier)